



Charles S Lilleskare og Kristine H Allport

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3967 - 17/14632

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

19.05.2017

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - Delings sak gbnr 129/9 Titland søndre

Teknisk drift syner til søknad om utvida bruk av avkjørsle for 2 fritidsbustader på gbnr 129/9, motteke 25.04.2017.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje **førehandstilsegn om utvida bruk** av eksisterande avkjørsle for 2 fritidsbustader på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Avkjørsla skal være opparbeida iht gjeldande regelverk og godkjent av Teknisk drift før det kan gis byggeløyve for fritidsbustader. Når avkjørsla er opparbeida iht tekniske krav, ta kontakt med Teknisk drift for endeleg godkjenning.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdatab.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at førehandstilsegn om utvida bruk av avkjørsle berre gjeld tilknytning til kommunal veg. Utbetring av avkjørsla er søknadsploktig tiltak etter plan og bygningslova.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal sette krav til avkjørslar frå offentlig

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



veg. Vi gjer merksam på at førehandstilsegn berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fagsjef vegdrift
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Charles S Lilleskare og Kristine H
Allport